

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Frydenlund Kontormaskinservice AS - Omlokalisering for omstilling og vekst

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Omlokalisering for omstilling og vekst* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 073/21 Vedtak:

Prosjektet *Omlokalisering for omstilling og vekst* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Verksemnda er eit aksjeselskap. Bransje: 46.660 Engroshandel med maskiner og utstyr til kontor ellers. Registrert 30.06.2005. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Frydenlund Kontormaskinservice AS tilbyr ulike tenester innanfor data og kontor, som full IT-drift, ASP-løysingar, kopi/print, rekvisita, kabling, kameraovervaking, webbløysingar etc. Verksemnda skal no flytta frå Storsandvik til Alversund.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektsøknaden omhandlar stønad til flytting og innreing i nye og meir eigna lokaler. Målet er vekst og utvikling. Flyttinga vil vere strategisk viktig for verksemnda:

- Ny og betre lokalisering i høve til marknaden, enklare tilkomst og betre parkering.
- Meir fokus på kundeoppfølging, kurs, sal, mm. ved etablering av kurs- og showroom.
- Gjer det mogleg å innleie samarbeid/fusjonsplanar og felles lokalisering med Alver IT as.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Omlokalisering for omstilling og vekst	140 000	70 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Frydenlund Kontormaskimservice_soknad-2021-0112_30 apr 2021	1573577
------------	--	---------